

KONSEKVENSGREIING



Områderegulering for Rosendal tettstad

Forord

Tettstaden Rosendal skal vidareutviklast som eit attraktivt kommunesenter, med fokus på næring, kulturkvalitetar, turisme med nærleik til sjø, fjell og fonn, og med alle dei særkvalitetar som Rosendal har. Uterom og offentlege rom skal ha høg kvalitet, og det skal definerast areal til idrettshall og framtidig offentlege tenester. Områdeplanen skal fastsetje hovudtrekka til infrastrukturen og vidareføring av denne. Rosendal skal i framtida utgjere sin del av ein attraktive, frisk og grøn kommune.

Planen omfattar den mest sentrale delen av Rosendal. Planområdet dekker bukta mellom Skeishagen og Rosendalstunet for å kunne romme ei eventuell strandpromenade, og strekker seg austover over brua over Melselva for å få med gang- og sykkelveg mot Baroniet.

Planen vert utforma som ei områderegulering, men med detaljering av nokre område og formål. Som del av planarbeidet vert denne konsekvensutgreiinga gjennomført for fem tema: landskap, naturmangfald, kulturarv, friluftsliv/bygdeliv, næringsutvikling og reiseliv

Arbeidet er organisert med ei prosjektgruppe leia av Anne-Lise Næs. Styringsgruppe for arbeidet er formannskapet. Utførande konsulent for utgreiingane er 3RW arkitekter, med Tord Bakke som oppdragsleiar.

Bergen 10.04.2026			
Rapporten er utarbeidd av 3RW arkitekter på oppdrag frå Kvinnherad kommune		Rapporten inngår som del av arbeidet med Områderegulering for Rosendal tettstad, planID: 20190002	
Ansvarleg for oppdraget hos 3RW		Tord Bakke	
Ansvarlig for oppdraget i Kvinnherad kommune		Anne-Lise Næs	
Rapport utarbeidd av:		Tord Bakke	Kvalitetssikra av: Mathilde Vindenes
Alle bilete og illustrasjonar er ved 3RW arkitekter dersom anna ikkje er oppgjeve.			

Innhald

Innhald.....	3
Innleiing	4
Planprogrammet	4
Metode.....	5
Tema og kunnskapsgrunnlag.....	6
Landskap.....	7
Skildring.....	7
Delområda og verdifastsetting.....	8
Påverknad og konsekvens	11
Konklusjon	12
Naturmangfald	13
Skildring.....	13
Delområda og verdifastsetting.....	14
Påverknad og konsekvens	16
Konklusjon	17
Kulturarv.....	18
Skildring.....	18
Delområda og verdifastsetting.....	19
Påverknad og konsekvens	21
Konklusjon	21
Friluftsliv / bygdeliv	22
Skildring.....	22
Delområda og verdifastsetting.....	22
Påverknad og konsekvens	25
Konklusjon	27
Næring- og reiseliv	28
Skildring.....	28
Delområda og verdifastsetting.....	29
Påverknad og konsekvens	30
Konklusjon	32
Samla oppsummering.....	33
Konklusjon	33
Konsekvensvurdering av større tiltak innanfor planen	34
Idrettshall	34
Strandpromenade	37
Avbøtande tiltak.....	39

Innleiing

Krav om konsekvensutgreiing er heimla i plan- og bygningslova § 4-2; ”For regionale planar og kommuneplanar med retningsliner eller rammar for framtidig utbygging og for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planskildringa gje ei særskild vurdering og skildring – konsekvensutgreiing – av planen sine verknader for miljø og samfunn”.

Kravet står også i forskrift om konsekvensutgreiingar av 01.07.2017. Områdereguleringa fell inn under § 6 a - Planar og tiltak som alltid skal handsamast og ha planprogram eller melding, av di planen vil fastsette rammer for tiltak i forskrifts sine vedlegg I og II.

Formålet med konsekvensutgreiing er å sikre at omsyn til miljø og samfunn vert vurdert under førebuing av planer og tiltak, og når det vert tatt stilling til om og på kva vilkår planar eller tiltak kan gjennomførast. Konsekvensutgreiinga skal skildre planens verknad for miljø og samfunn, der planen legg opp til nye område for utbygging eller vesentleg endra arealbruk. Konsekvensane for det einskilde utbyggingsområde skal skildrast kvar for seg, i tillegg til ein overordna vurdering av alle arealbruksendringane i planen.

For einskildområde som omfattar utbygging, skal det ved behov vurderast alternativ - slik som alternativ plassering, storleik eller avgrensing.

Konsekvensutgreiinga skal i utgangspunktet ta omsyn til tilgjengeleg kunnskap i kart, databasar og dokument. Ved særleg behov vert det henta inn nye data. Gjennom planarbeidet er det gjort fleire revisjonar av plandokument og plankart. Plangrensa er justert undervegs og innsnevra, slik at ho ikkje omfattar like mykje sjøareal som opphavleg planlagt. Difor kan illustrasjonane i dette dokumentet vise ulike planavgrensingar. Plangrensa er lagt til grunn for vurderingane av dei ulike tema, og alle element som inngår i planen og grensar til denne er vurderte og utgreidde.

Planprogrammet

Planprogrammet slår fast at planen skal utformast som ei områderegulering, men med detaljering av nokre område og føremål, hovudsakleg samferdsleføremål. Som del av planarbeidet skal det verte ei konsekvensutgreiing av fem tema:

- Landskap
- Naturmangfald
- Kulturarv
- Friluftsliv/bygdeliv
- Næringsutvikling og reiseliv

Alle fem tema er analysert i form av ei kvalitativ vurdering som ikkje-prisette konsekvensar. For dei fire første temaa vil metodikk basert på departementet sin *Veileder for konsekvensutredningar til kommuneplanens arealdel* (2012) og Statens vegvesen si *Handbok V712 – Konsekvensanalysar nyttast for avgrensing og utgreiing av temaa* (det er nytta gamal metodikk då planen ble påbegynt i 2019 og første versjon av KU'en låg føre i 2020) . Næringsliv og reiseliv vil analyserast med metodikk tilpassa etter handboka, då handboka ikkje direkte presiserer utgreiingsframgangsmåte for temaaet.

Metode

Metodikken i denne konsekvensutgreiinga er tilpassa nivået på områdeplanen og grad av utbygging han opnar for. Tre omgrep står sentralt når det gjeld analysen:


- Verdi: vurdering av kor viktig eit område er i høve til det aktuelle utgreiingstemaet
- Omfang/påverknad: vurdering av korleis det same området vert påverka som følge av planen, relativ til referansesituasjonen/0-alternativet
- Konsekvens: Konsekvens vert sett som ein faktor av verdi og omfang

Vurderinga av kvart tema omfattar ein kort presentasjon av området med kart, samt ei kort skildring basert på tilgjengeleg materiale. Analyseområdet omfattar det formelle planområdet og kringliggande influensområdet. På dette grunnlaget vert det gjort ei verdivurdering av ulike delområde innanfor analyseområdet.

Deretter vurderast omfang av endring i arealdisponering for dei ulike temaa. Konsekvens vurderast som ein faktor av verdi og omfang av endring. I vurderinga nyttast ein femdelst skala. Dette gjerast for kvart delområde, i tillegg kjem det ein heilskapleg konsekvensutgreiing for heile planområdet.

Figur 1 Øvst: Konsekvensvifta. Konsekvens for eit delområde kjem fram ved å samanhalde grad av verdi med grad av påverknad. Dei to skalaane er glidande. Nedst: Skala og rettleiing for konsekvensvurdering (Handbok V712 SVV).

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
----	4 minus (- - -)	Den mest alvorlige miljøskaden som kan oppnås for delområdet. Gjelder kun for delområder med stor eller svært stor verdi.
---	3 minus (- -)	Alvorlig miljøskade for delområdet.
--	2 minus (-)	Betydelig miljøskade for delområdet.
-	1 minus (-)	Noe miljøskade for delområdet.
0	Ingen/ubetydelig (0)	Ubetydelig miljøskade for delområdet.
+ / ++	1 pluss (+) 2 pluss (++)	Miljøgevinst for delområdet: Noe forbedring (+), betydelig miljøforbedring (++)
+++ / ++++	3 pluss (+++) 4 pluss (++++)	Benyttes i hovedsak der delområder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket.



Verdivurdering

Med verdivurdering meinast området sin noverande verdi (0-alternativet) utifrå eit gitt utgreiingstema. Vedtekne planer vert vurdert som del av no-situasjonen/0-alternativet. Verdivurderinga vert gjort etter ein femdelt skala: Utan betyding, noko verdi, middels verdi, stor verdi og svært stor verdi.

Omfangsvurdering

Vurdering av omfang/påverknad inneber å sjå kva endringar ny arealbruk vil føre til for området i høve til 0-alternativet. Omfang av ei utbygging blir bestemt av kor store positive eller negative endringar den aktuelle lokaliseringa og arealføremålet vil kunne føre til. Omfangsvurderinga er vist med ein femdelt skala: Sterkt skjemd, skjemd, noko skjemd, ubetydeleg endring og forbetra.

Konsekvensvurdering

Konsekvensvurdering er eit produkt av verdi- og omfangsvurderinga, basert på konsekvensvifts (jf. Figur 1). Jo større verdi den aktuelle lokaliteten har, jo større konsekvens vil inngrepet ha.

Skalaen for konsekvens går frå 4 minus til 4 pluss. Dei negative konsekvensgradane er knytt til ein verdireduksjon av eit delområde, medan dei positive konsekvensgradane føreset ei verdiauke etter at tiltaket er realisert.

Tema og kunnskapsgrunnlag

Tabell 1 Oversikt over tema, undertema og kunnskapskjelder.

Tema	Undertema	Kunnskapsgrunnlag
Landskap	Landskap omfattar alle omgivnadene, frå det tette sentrumslandskap til det urørte naturlandskap, delt inn i: landskapstype, landskapsbilete, landskapskomponent, landskapselement og landskapsøkologi.	Fylkesatlas: landskapstypar og landskapsverdi, Natur I Norge, registreringar og rapportar, synfaring
Naturmangfald	Naturmangfald omfattar område verna etter naturvernlova, verna vassdrag, viktige naturtypar, økologiske samanhengar, viltførekemstar, artar på raudlista eller av forvaltingsmessig interesse.	Naturbasen, Fylkesatlas, Artsdatabase, registreringar, rapporter, synfaring.
Kulturarv	Med kulturarv meinast både einskilde kulturminne og dei større kulturmiljøa. Freda bygg og anlegg, verneverdige kulturminne eller kulturmiljø, nyare tids kulturminne kan omfatte særmerkte bygg og anlegg som er representative for viktige element i Rosendal si nære historie.	Askeladden, SEFRAK, Gardskart, Kulturminneplan, Fylkesatlas, registreringar og rapportar, synfaring og innspel
Friluftsliv/bygdeliv	Temaet omhandlar badeplassar, turveggar, registrerte friluftsområde, bruk av område til rekreasjon, allmenn tilkomst sjø. Leike- og friområde. Sosial infrastruktur og viktige målpunkt og plassar for sosialt samvær i bygda.	Fylkesatlas, Vegkart, Trafikktryggleiksplan, KDP idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, Folkehelseoversikt, kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde, enkelt barnetråkk og synfaring
Næringsutvikling og reiseliv	Kategorien famnar om areal for næring, landbruket sitt produksjonsgrunnlag, sjørelatert næring, handel, service og infrastruktur retta mot turisme.	Fylkesatlas, Gardskart, Kilden (NIBIO), Yggdrasil, FM, VLFK

Landskap

Fagtema landskapsbilete omhandlar landskapet sine romlege og visuelle kvalitetar, eigenskapar og korleis landskapet vert opplevd som fysisk form. Landskapsbilete omfattar alle omgivnadene, frå det tette sentrumslandskap, til det urørte naturlandskap.

Føremålet med analysen er å få fram kunnskap om verdifulle område for temaet, og skildre konsekvensane av eventuell utbygging. Analysen er delt inn i landskapstype, landskapsbilete, landskapskomponent, landskapselement og landskapsøkologi. Landskapstype vert definert som eit større geografisk område med heilskapleg visuelt preg, skapt av store landformer og kjenneteikna ved karakteristisk fordeling av landformer, naturstrukturar og andre landskapselement. Landskapsbilete er eit uttrykk for landskapet sine romlege- og visuelle eigenskapar med naturlege og menneskeskapte komponentar og element, som gir særpreg til eit geografisk område. Det romlege og visuelle handlar om korleis landskapet vert opplevd som fysisk form. Landskapskomponentar er hovudstrukturar som store landformer, store vassformer, store vegetasjonsmessige samanhengar og større bygde strukturar. Landskapselement er naturlege eller menneskeskapte objekt eller einingar. Landskapsøkologi er her forstått som romlege og visuelle strukturar i landskapet som kan utgjere viktige samanhengar, som linjer, korridorar og mosaikk. Landskapet i Rosendal er handsama og vurdert særleg utførleg i ein rekke studiar.

Skildring

Planområdet er prega av samanhengande bygde miljø, med eit unnatak for elva med elvekantane og delar av strandlinja. Spreidde førekomstar av parseller med skog og restar av landbruksområde dannar vesentlege deler av kretsløpet sitt bidrag til landskapsbiletet. Spesielt lauvskogen følgjer naturlege års- og livssyklusar og verkar difor til at biletet vekslar med ei regelmessig puls. Desse forandringane finn stad innanfor ein brei dal ramma inn av fjella rundt. Denne overordna landforma er svært tydeleg til stades i Rosendal. Den kulturelle verdsettinga av landskapsbiletet i området kjem til uttrykk gjennom opparbeida kulturlandskap og andre kulturelement av ulik tidsdjupne. Kulturlandskapet er mest tydeleg rundt sjølve planområdet, i det beltet som strekk seg frå plangrensa og opp mot grensa mot fjella og skogen. I sjølve planområdet har til dels store flaumar, som den i 1940, omkalfatra store delar av landskapet rundt elveosen. Nokre eldre ferdselsårer kan framleis skimtast i landskapet, elles er området prega meir av industrialisert produksjonslandskap og utfyllingar i sjø. Deler av strandlinja framstår som relativt intakt, særleg mot nordvest i planområdet.

Av Natur i Norge (NIN) vert landskapstypen definert som ei samling av variasjonar i terreng og landformer som saman påverkar eit større område. Regionen er ein sterkt oseanisk seksjon, sørboreal og kystnær. Området har ei relativt open landskapsrelieff, svakt hellande dalbotn mot vest/sørvest og er utan høgt våtmarkspeg. Landskapet i Rosendal vert bestemt som eit relativt ope fjordlandskap med tett busetnad og jordbruksdominans. Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalføra er relativt open og middels sterkt nedskåren frå kringliggande fjell. Landskapet er tydeleg prega av intensiv arealbruk med ein større tettstad med høg tettheit av bygningar. Jordbruk er den dominerande arealbruken kring tettstaden.

I Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke (Aurland naturverkstad 2011) er området klassifisert som middels breitt fjordløp av stor verdi – grensande til storforma U-dalar i bakgrunnen. Dette om lag frå Avlsgarden og bakover. Middels breie fjordløp har ofte ein vel definert romleg avgrensing, og den visuelle kontakten og blikkfaget mellom fjordsidene er god. Landskapsrelieffet er prega av bratte fjellsider, med ei flatare sone med lausmassedekke i dalbotn langs elvene og fjordkanten. Langsgåande vegar pregar området. Fjorden sin funksjon som ferdselsåre har vore bestemmende for busetnad og utvikling av tettstaden. Landskapet er viktig i reiselivssamheng og som profileringsfaktor for fjordlandskapet som turistmål. Landskapstypen inneheld storskala områder med stor utstrekning. Det gjer generelt landskapskarakteren meir robust mot utbygging. Likevel vil større, punktvis tiltak kunne verte godt synlege frå store deler av området.

Landskapet er vidare analysert i Overordna landskapsanalyse og strandsoneanalyse: Seimsfoss – Skeishagen (Aurland naturverkstad 2004). Konsekvensutgreiinga av landskap vil i stor grad basere seg på denne landskapsanalysen for skildring av landskapet og verdifastsetting. Mellom anna vil konsekvensutgreiinga nytte same inndeling av delområde som i landskapsanalysen.

I overordna landskapsanalyse og strandsoneanalyse: Seimsfoss – Skeishagen er det følgjande skildring av landskapet: «*Rosendal ligg ved Hardangerfjorden vest for Folgefonna. Sjølve Rosendal er omgjeve av eit skålforma, ope dalrom avgrensa av karakteristisk og fint avrunda fjellformasjonar, der Skålaegga, Melderskin og Malmangesnuten er mest framtrèdande. Snilstveitøy si form og plassering gjer at bygda i stor grad er visuelt og klimatisk skjerma mot hovudlaupet i Hardangerfjorden. Dermed oppstår det eit særst sterkt og intimt landskapsrom med utlaupet av Hattebergselva som eit midtpunkt. Rosendal er i fyrste rekkje ei jordbruksbygd. Omfanget av historiske funn er stort og er prov på at det har vore fast busetnad i særst lang tid. Dei rike vekstvilkår gav grunnlag for mange gardar alt i eldre tid. Det er i dag registrert 73 landbrukseigedomar i Rosendal, 28 av desse er i drift i dag som sjølvstendige bruk (Landbruksplan for Kvinnherad 2004). Eit omfattande og aktivt landbruk er framleis eit kjenneteikn ved bygda og eit viktig karaktertrekk ved landskapet. Topografien med dei bratte fjellsidene skaper eit markert skilje mot jordbruksmarka i dalbotnen. Så godt som alt areal under kote 100 er jordbruksland, med unnatak av det som er utbygd til andre føremål. I liene mot Melsdalen opnar landskapet seg og innmarka går vesentleg høgare. Elveløpa til Melselva og Hattebergselva utgjer saman med kantvegetasjonen og skogkledd gjel og elvedalar viktige naturstrukturar i landskapet.*

Rosendal sentrum er godt samla kring Skålevika og i stor grad avgrensa mellom fjorden og Rv 48. Nyare bustadfelt skjer seg inn mellom åkerjord og gardstun på dei gamle gardane Skåla, Vang og Malmanger. Intakte og synlege gardsstrukturar, saman med Baroniet, Avlsgarden, Kvinnherad kyrkje og Malmanger prestegard er med å styrke Rosendal sin sterke posisjon som kulturhistorisk viktig område. Dei bratte fjell- og liene under Skålaegga, Melderskin og Malmangersnuten utgjer ein slående kontrast til den flate og oppdyrka innmarka. Denne kontrasten er ein viktig del av heile bygda sin identitet. Delar av dei nedre delar av liene har eit meir ope og kulturvert preg gjennom intensiv beiting, medan størstedelen av områda er prega av lauvskog (gjengroing). Nokre stader er lauvskogen brote opp av mørke, regelmessig utforma granplantefelt. Fjella utgjer eit amfi kring bygda, der eit kvart terrenginngrep vil vere godt synleg og påverke landskapsbiletet i heile Rosendal.»
Ref. Overordna landskapsanalyse og strandsoneanalyse: Seimsfoss – Skeishagen (Aurland naturverkstad 2004).

Delområda og verdifastsetting


Landskapet i Rosendal er i sin heilskap definert som av stor verdi, jf. Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke (Aurland naturverkstad 2011). Det gjer at i konsekvensutgreiing av landskap tar verdikartlegginga utgangspunkt i at heile landskapet er av stor verdi, og inndeling i delområde og verdsetting av desse handlar meir om verdi i form av sårbarheit for inngrep. Det vil seie at i verdikartlegginga, utvikla som grunnlag for denne konsekvensutgreiinga, er størst verdi tillagt dei delområda som er mest sårbare for endring, og minst verdi er lagt til dei områda som alt er påverka av inngrep i sterk grad og kor nye inngrep dermed vil endre karakteren til området i mindre grad.

I Riksantikvarens database ligg Rosendal inne som eit kulturlandskap av nasjonal interesse. Rosendal er skildra som «*ein naturleg møtestad med stor tidsdjupne og høg historieforteljande verdi. Ei rekkje kulturminne av nasjonal verdi vitnar om dette, som mellomalderkyrkja på Skåla, tuftene etter langskipnausta og mellomaldergravplassen. Baroniet Rosendal er eineståande i nasjonal samanheng, og spelar opp mot landskapsrommet utanfor anlegget i ei heilskapleg oppleving. [...] Landskapet i Rosendal har som heilskap sjeldan visuell styrke*».

Rosendalsområdet er i landskapsanalysen til Aurland naturverkstad delt inn i delområde med intensjon om å identifisere område som har eit einskapleg visuelt landskapsuttrykk. «Inndelinga er basert på ei vurdering der framtrèdande landskapskarakter er lagt til grunn. Det kan vere arealbruk, naturmiljø, terrengform eller tydleg romleg avgrensing. Visuelt vurdert vil eit tiltak inne i eit delområde i mange tilfelle lettare kunne tilpassast omgjevnader og ikkje verte skjemma eller dominerande enn om det vert plassert i overgangen mellom to delområde eller landskapstypar. Ved planlegging av tiltak bør ein difor vere merksam på dei overgangsonene som oppstår mellom område av ulik karakter. Kartet som syner inndelinga i delområde kan difor vere retningsgjevande for vurdering av lokalisering av tiltak.» Ref. Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, Aurland naturverkstad 2011. Skildring av dei ulike delområda og kva dei kan tole av inngrep bygger i stor grad på landskapsanalysen. For vidare omtale av delområda vert det vist til Overordna landskapsanalyse og strandsoneanalyse: Seimsfoss – Skeishagen (Aurland naturverkstad 2004).

Når det gjeld sårbarheit og forvaltning er dette og skildra i tilknytning til at kulturlandskapet er peika ut som av nasjonal interesse (Riksantikvaren). Her vert landskapet skildra som sårbart «for høge eller store strukturar mellom Baroniet og sjøen, omkring Skålakyrkja, i dei nære sjøområda, og for nedbygging og gjengroing av jordbrukslandskap og stølsdalar. Opplevinga av Baroniet er òg sårbart for store strukturar i nærområda og siktliner til fjorden er viktige».

Figur 2 Kartskisse med dei ulike delområda tilpassa frå Overordna landskapsanalyse og strandsoneanalyse: Seimsfoss – Skeishagen (Aurland naturverkstad 2004) samt verdifastsetting. Det vert minna om at heile området er vurdert som av høg verdi på overordna nivå. Felta LA2 og LA11 ligg nord for relevant influensområde og er ikkje tatt med i oppstillinga.



Figur 3 Oversikt over dei ulike delområda med kort skildring og verdifastsetting.

NR	Namn	Kort skildring	Verdi
LA1	Nes	Landbruk, gardsbusetnad og innmark. Område som er dominert av landbruk, som er viktig for landskapsbiletet og området sin opne karakter. Slike område vil generelt i liten grad kunne tole ny utbygging til andre føremål enn landbruk.	Stor
LA3	Kvinnherad kyrkje	Heilskaplege kulturmiljø av særskild verdi. Område der det i særskild grad er viktig å ivareta den landskapsmessige heilskapen. Sær låg toleranse for nye inngrep.	Svært stor
LA4	Sørebøen Malmanger	Jordbruksområde og gardsmiljø påverka av tett busetnad. Delområde der det har vore konsentrert bustadbygging. Med god tilpassing i høve terrengform, vegetasjonsmiljø, kulturminne og tradisjonell busetnad (gardstun etc.) vil vidare bustadbygging kunne akseptast. Omsyn til omdisponering av produktivt jordbruksareal må vurderast særskilt.	Middels
LA5	Rosendal sentrum	Sentrumsområde står fram som i stor grad utbygga og kan tole bygging, fortetting og omdisponering av areal basert på analyse av staden.	Noko
LA6	Melselva	Samanhengande naturområde med låg toleranse for nye inngrep. Etablering av enkle stiar og anna tilrettelegging for ferdsle til fots kan akseptast.	Stor
LA8	Mel - Eik	Landbruk, gardsbusetnad og innmark. Område som er dominert av landbruk, som er viktig for landskapsbiletet og området sin opne karakter. Slike område vil generelt i liten grad kunne tole ny utbygging til andre føremål enn landbruk.	Stor
LA9	Baroniet	Heilskaplege kulturmiljø av særskild verdi. Område der det i særskild grad er viktig å ivareta den landskapsmessige heilskapen. Sær låg toleranse for nye inngrep.	Svært stor
LA10	Prestegarden	Tradisjonelle kulturmarkområde. Områdetypar der det i stor grad vert drive vanleg landbruk, men som i tillegg har ein del særskilde verdiar knytt til tradisjonelle kulturmarktypar med særskilde skjøtselsbehov.	Svært stor
LA12	Gjerde – Håland	Tradisjonelle kulturmarkområde. Områdetypar der det i stor grad vert drive vanleg landbruk, men som i tillegg har ein del særskilde verdiar knytt til tradisjonelle kulturmarktypar med særskilde skjøtselsbehov.	Stor
LA13	Skeie	Jordbruksområde og gardsmiljø påverka av tett busetnad. Delområde der det har vore konsentrert bustadbygging. Med god tilpassing i høve terrengform, vegetasjonsmiljø, kulturminne og tradisjonell busetnad (gardstun etc.) vil vidare bustadbygging kunne akseptast. Omsyn til omdisponering av produktivt jordbruksareal må vurderast særskilt.	Middels
LA14	Malmanger-rindane - Svarthammar	Utmark med skog og beitpreg. Omfattar utmarksbeite og skoglier Visuelt eksponerte område og ramme rundt bygda. Nye inngrep vil kunne ha stor verknad for heile landskapet i Rosendal. Det vert tilrådd å utarbeide skjøtselsplanar som grunnlag for å styrke bruk og utvikling i desse områda.	Stor
LA15	Strandsona	Ein stor del av strandsona består av utfyllingar som strekk seg heilt ut til flomålet, eller er utbygd med brygger, murar osb. Det er nokre parti med naturlege strender og nokre stader med grasbakkar som går heilt ned til sjøen. Einskilde spreidde førekomstar av restar etter strandeng førekjem og. Trevegetasjon i strandsona har i særleg del av området stort innslag av store tre som ask, svartor og selje. På utfyllingsområde mot Skeishagen er det meir krattvegetasjon der selje og hegg dominerer. Strandsona er gitt middels verdi som heilskap, men verdi på delområdet på land vil vere med å bestemme den lokale verdien i dei ulike delane av strandsona.	Middels

Påverknad og konsekvens

Delområde	Verdi	Påverknad	Påverknad	Konsekvens
LA1	Stor	I området er det berre opna for strandpromenade som vil ligge flatt utan trong for større terrenginngrep og liggande i allereie delvis etablert trase. I byggeområda er det berre vidareført eksisterande struktur. Strandsona vert i stor grad bevart urørt når det kjem til inngrep og oppleving av landskapet.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
LA3	Svært stor	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
LA4	Middels	I området legg planen opp til noko utbetring av etablert infrastruktur, dette er ikkje vurdert å påverke landskapsbiletet.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
LA5	Noko	<p>Dette delområdet er for ein stor grad regulert og det er i vedtekne planar lagt opp til fortetting og utvikling. I områda nord for elven vert dagens situasjon lite påverka, størst påverknad kjem truleg av noko utviding av småbåthamn og kaianlegg. Strandpromenaden vert lagt ut i sjø ved Klette brygge, men strandlinja her er utbygga og det er allereie i dag etablerte brygger i området.</p> <p>Sør for elva vert det opna for idrettshall, klemd inn mellom dei større skulevoluma. I tillegg vert det her opna for ein del utbygging på open mark, men i tråd med kommuneplanen kor området er lagt ut som sentrumsføremål. Det vert vidare lagt opp til nyt cruiseanlegg med tilhøyrande mindre kai på land med eit mindre hameformål i bakkant for teknisk infrastruktur. Verknadene vert tatt noko ned av større eksisterande byggvolum i bakkant og at området ligg på fylling frå siste halvdel av førre århundre.</p> <p>Utbygginga vil styrke lesbarheita av sentrum og for så vidt gjere dette tydelegare som eit sentrum, men med nokre konsekvensar for oppleving av det tradisjonelle landskapet. Landskapet i bakkant av sentrum er vurdert ikkje å bli nemneverdig påverka.</p>	Foringa	Noko miljøskade (-)
LA6	Stor	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
LA8	Stor	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
LA9	Svært stor	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
LA10	Svært stor	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
LA12	Stor	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
LA13	Middels	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
LA14	Stor	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg

LA15	Middels	<p>Kaianlegg i sentrum vert utvida noko, men er vurdert å vere av avgrensa påverknad som mindre utvidingar av eksisterande anlegg i eit område prega av utbygging og aktivitet.</p> <p>Forlenging av småbåthamna har noko betydning, då denne vil auke opplevinga av båt og hamneverksemd i bassenget utanfor sentrum.</p> <p>Det planleggjast for ei flytande landgang i sjø med tilhøyrande kaianlegg sør for elva. Eit slik anlegg med flytande landgang og fortøyingsbøyar i sjø vil verke inn på opplevinga av landskapet. Likevel vil landgangen verte låg og trekt inn mot land når cruisebåtar ikkje ligg til denne og verknadene reduserast.</p> <p>Hovudtrekka i landskapskarakteren vil ikkje endrast da det allereie er prega av verksemd og aktivitet lik den som vert utvida av planen. Samla sett vil utviding av hamn, småbåthamn, landgang for cruise og kaianlegg føre til noko forringing av landskapet.</p>	Noko forringa	Noko miljøskade (-)
Samla vurdering		<p>Planframlegget inneber utbygging i dei sentrale delane av Rosendal sentrum og hamnebassenget. Dette påverkar landskapsrommet her i noko grad, og vil bygge ned nokre av de meir tradisjonelle og opne områda. Utbygginga er likevel plassert slik, og med avgrensing på høgder, som sikrar at områda bak ikkje vert unødvendig råka. Området har allereie eit tydeleg sentrumsprege med utbygging frå ulike epokar. Tiltaka vert vurdert som ei naturleg utviding av sentrumsfunksjonar og i tråd med ønskt utvikling for Rosendal slik dette kjem fram i kommuneplanen.</p>		Noko miljøskade (-)

Konklusjon

Planframlegget er vurdert å potensielt føre til noko miljøskade for verdiane knytt til temaet landskap. Hovudårsaka er utbygging og fortetting i dei sentrale delane av sentrum, inkludert sjøareala. Verknadene er likevel vurdert å vere avgrensa. Det vert noko meir bygningsmasse i sentrum, også på område som er sparsamt utbygga i dag. Hamnebassenget får meir kaiareal og auka verksemd og aktivitet, som igjen kan gje noko negativ verknad inn mot det gamle naustmiljøet. Fordelen er at aktiviteten vert samla som utviding av fellesanlegg. Ei cruisehamn med tilhøyrande flytande landgang vil vere synleg og vil kunne forringe opplevinga av strandsona. Samstundes er tiltaket lågt og i forlenging av utfylt område og vil i liten grad påverke landskapsbilete som heilskap og opplevinga av staden.

Utan at det er vektlagd i vurderinga, så er det verd å nemne at utbygginga er styrt til dei delane av Rosendal med lågast verdi for temaet, og i tråd med kommuneplanen. Fortetting her er med på å dempe utbyggingspress mot andre og mogleg meir sårbare område.

Naturmangfald

Føremålet med analysen er å få fram kunnskap om verdifulle område for tema naturmangfald, og skildre konsekvensane av eventuell utbygging. Temaet omhandlar naturmangfald knytt til terrestriske, limniske (ferskvatn) og marine system, inkludert livsvilkår knytt til desse. Naturmangfald vert i konsekvensutgreiingar definert i medhald av naturmangfaldlova som biologisk- og geologisk mangfald som ikkje hovudsakleg er resultat av menneske sin påverknad.


Skildring

Trass i at planområdet i stor grad er utbygd, er det registrert ein god del verdifullt biologisk mangfald. Særleg gjeld dette registrerte verdiar knytt til fugl. Både truga artar, artar av forvaltningsinteresse og omsynskrevjande artar er observert i og rundt planområdet. Innan undersøkingsområdet er det også registrert leveområde og viktige naturtypar. Av artar gjeld det mellom anna: vipe, hettemåke, makrellterne, sanglerke, vandrefalk, gråspett, heipiplerke, svartbak, fiskemåke, taksvale, stær, sivspurv, kornkråke, ærfugl og bergirisk. Nokre av artane går godt saman med ein viss menneskeleg aktivitet, som til dømes stær og taksvale, medan andre er sårbare for nye tiltak. Svært mange observasjonar frå nyare tid gjer at området står fram som svært godt kartlagd, særleg med omsyn til fugl, men også planteliv verker å vere godt registrert.

Nordaut for småbåthamna i Skålavika ligg eit område med blautbot og vegetasjon som er eit viktig beiteområde for spesielt sjøaure. Dette er ikkje kartfesta i offentlege kartdatabasar men er teke omsyn til i vurderingane. Vidare er elvene med kantsoner viktig som både leveområde og korridorar sjølv om dei ikkje er registrert som dette i kartfesta register.

Verdikartlegging er gjort på bakgrunn av registrerte verdiar frå Miljødirektoratet, som vist i kartutsnittet under:

Figur 4 Kartskisse som viser registreringar av naturmangfald med forvaltningsmessig interesse, kjelde miljødirektoratet.no.



Delområda og verdifastsetting

I tillegg til dei verdiområda som er vist i kartskisse og lista opp i tabell, er det ei rekke einskilde registreringar, fleire med mindre presis stadfesting. Nokre av desse gjeld særleg fuglar som i mindre grad er påverka av menneskeleg aktivitet, eller til ein viss grad tilpassa menneskeleg aktivitet. For desse artane er det berre lagt vekt på registreringar av leve-/hekkeområde, som for skipsbyggjarhallen i Skålafjæro, som er tilhaldsstad for taksvale.


Det er registrert marine naturmangfaldsverdiar i hamnebassenget i planområde. Innanfor planområdet ligg eit blautbotnsområde ved småbåthamna i Skålavika, fleire registreringar av truga fugleliv i form av sjøfugl, spesielt måkeartar, som har det større fjordområdet som del av sitt leveområde. Hamnebassenget er i fiskeridirektoratet sin kartdatabase klassifisert til eit lokalt viktig gytefelt for torsk. Området har namn Rosendal-Høylandet, og er skildra som eit område med noko egg (1) og noko tilbakehalding av egg (2) (Fiskeridirektoratet). Noko lengre utanfor planområdet ligg eit større rekefelt og område for sjøkrepsfiske. Fiske etter sjøkreps har i stor grad overtatt for tråling etter reke som var meir vanleg tidlegare (Fiskeridirektoratet).

Tabell 2 Oversikt over dei ulike delområda med kort skildring og verdifastsetting.

NR	Namn	Kort skildring	Verdi
NA1	Gurinefjørå	Området ligg langs sjøen nedanfor Rosendalstunet og er registrert som hekke- og fødesankingsområde for mellom anna fiskemåke og stær som er nær truga arter, og heippielerke som er av særleg stor forvaltingsinteresse. Området inneheld dyrka mark og strandsone. Fleire registreringar av ulike arter gjer området verdifullt.	Middels
NA2	Vollen	Landbruksområde i lia over fylkesvegen på Nes er registrert som tilhaldsstad for gulsporv. Arten er nær truga og av stor forvaltingsmessig interesse. Arealendingar i tilhaldsstader for standfuglar vil påverke artens utbreiing på staden.	Middels
NA3	Baroniområdet	Baroniområdet, mellom Hattebergsvassdraget og Baronivegen, inneheld store naturmangfaldsverdiar både knytt til arter, leveområde og viktige naturtypar. Det meste av dette er knytt til parkanlegget med eldre trær og særmerkt vegetasjon som gir grobotn for sjeldne sopp-, mose- og lav-arter. Området er og rikt på fugleliv med fleire truga arter, særleg stær og taksvale.	Svært stor
NA4	Malmanger	Området er registrert som fødesankingsområde for fiskemåke som er på raudlista som ein nær truga art. 135 individ er registrert på matsanking. Området er eit eldre kulturlandskap med verdi som leveområde. Fiskemåken er nær truga. Fiskemåka er primært truga av minkande føde i havet og i mindre grad av arealendingar på land, området er difor sett til låg verdi.	Noko
NA5	Rosendalselva	Elva har oppgang av anadrom laksefisk og elva med elvesidene er elles ein viktig korridorbiotop både for vatn- og landlevande organismar, men utan at det er gjort registreringar av arter med forvaltingsmessig interesse. Heile vassdraget inngår som eit verna vassdrag. Nedre del av Hattebergsvassdraget og Melselva er registrert med moderat tilstand. Dette skuldast i utgangspunktet kraftverket i Muradalen og tilstanden er bra frå utlaupet av kraftverket og ned. Melselva har og god tilstand. Vassdraget er påverka av menneskeleg tilpassing av elvesider og tersklar. Vassdraget er i stor grad påverka av lakselus og i middels grad påverka av rømt fisk. Kantvegetasjonen langs elva utgjer ein tilnærma samanhengande korridor med habitat frå fjord til fjell. Den gjeldande strekningen er på grunn av sterk menneskeleg påverknad satt til middels verdi.	Middels
NA6	Skipsbyggjarhallen	Tilhaldsstad for taksvale, lite anna verdi.	Noko

NA7	Blautbotn	Området består av blautbotn som kan vere viktig for naturmangfald, mellom anna som beiteområde for sjøaure. Arealet er ikkje kartfesta og registreringa baserast på flyfoto. Blautbotn består av mudder og/eller fin, leirholdig eller grovare sand som ofte blir tørrlagt ved fjære sjø. Slike område er sårbare for inngrep som oppmudring, hindring av vassgjennomstrøyming ved bygging av moloar og fylling av gruntvassområde vil kunne endre produktiviteten i området.	Middels
NA8	Kvinnherad kyrkje	Området er eit leveområde for ask, som er av svært stor verdi og stekt truga (EN). Det er berre registrert ein førekomst.	Noko verdi
NA9	Bjørkesvegen	Arealet er eit leveområde for Tjeld av middels verdi. Arten er nært truga. Det er gjort to registreringar av denne arten på feltet.	Middels
NA10	Skålagato	Det er registrert to fiskemåkar på feltet. Denne arten er i raudlistekategori sårbar (VU). Det er ikkje andre verdiar registrert på feltet. Fiskemåkar har eit større område som sitt leveområde og lever ofte tett på menneskeleg aktivitet.	Noko verdi
NA11	Skålafjero	Feltet er eit område for taksvale, med seks registrerte individ. Arten er nær truga (NT). Arten er ein kolonihækker som byggjer reir oppunder taket på utsida av bygningar. Det er i området også registrert ei hettemåke, som er kritisk truga (CR)	Stor verdi
NA12	Øyro	På området er det registrert 10 fiskemåkar som er sårbar (VU) og ein stær som er nært truga (NT). Området er registrert som eit mogeleg reproduksjonsområde for begge artane. Artane lever ofte tett på menneskeleg aktivitet.	Middels
NA13	Gytefelt	Området er eit gytefelt for torsk, der dei samlast for å reprodusere. Aktive gytefelt er verdifull for arten og bør ikkje forstyrast.	Middels

Figur 3 Kartskisse med verdifastsetting av dei ulike delområda.



Påverknad og konsekvens

Planframlegget opnar i liten grad for utbygging i område med naturmangfaldverdiar utover det som ligg i vedtekne planar, og som såleis inngår i 0-alternativet. Planframlegget kan føre til auka ferdsel, hovudsakleg av gåande i område med registrerte verdiar. Det er vanskeleg å fastslå kva effekt dette vil ha, då tiltaka også kan ventast å kanalisere ferdsel slik at andre delar av områda vil få mindre forstyrning. Effekt av auka ferdsle er derfor i liten grad vektlagt i denne analysen.

Delområde	Verdi	Påverknad	Påverknad	Konsekvens
NA1	Middels	Strandpromenaden vil gå gjennom området. Utbygging av promenaden er i seg sjølv av avgrensa påverknad, men tiltaket kan føre til auka ferdsel gjennom området. For byggeområde er det ikkje opna for nye einingar.	Noko forringing	Noko miljøskade (-)
NA2	Middels	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
NA3	Svært stor	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
NA4	Noko	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
NA5	Middels	Det vert lagt opp til bru over elva og turveg langs flaumvoll på sida av elva. Dette er element som hovudsakleg ligg som allereie etablerte strukturar eller i vedtekne planar. Tiltaka er inngrep i ein elvekant som er sterkt omforma som del at flaumsikring og tidlegare utbygging. Turveg og gang- og sykkelveg vest for brua er lagt så lagt som mogleg vekk frå elvekanten for å ikkje råke kantsona til elva, ca. 10 m. Langs kantsona sør for brua vert turveg regulert inn på allereie etablert flaumvoll med tursti i dag, og med størst mogleg avstand til elva. Det er vurdert at desse tiltaka samla vil føre til noko forringing.	Noko forringing	Noko miljøskade (-)
NA6	Noko	Skipsbyggerhallane søkjast bevart og oppretthalde som bygningsvolum i planframlegget, og dermed også tilhaldsstad for svale.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
NA7	Middels	Planframlegget vil kunne ha verknader for blautbotområdet ved at ein legg til rette for strandpromenade framfor Klette brygge. Det er i føresegna sikra at denne skal anleggjast på pålar som avbøtande tiltak.	Noko forringing	Noko miljøskade (-)
NA8	Noko verdi	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
NA9	Middels	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
NA10	Noko verdi	Feltet ligg innanfor omsynssone H570 kor ein skal legge særleg vekt på tilpassing til verneverdige bygg og kulturlandskapet ved utforming av nye tiltak i områda. Det er ikkje høve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne, forstyrrar heilskaplege kulturmiljø, eller reduserer eksisterande kvalitetar og opplevingsverdi. Det er vurdert at registrerte	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg

		artar på feltet ikkje vert vesentleg påverka av endringar i planframlegget.		
NA11	Stor verdi	Området er regulert til sentrumsføremål med moglegheit for utvikling. Taksvaler er sårbar for endringar knytt til bygningar. Seks registreringar kan truleg tyde på at dette er eit leveområde for arten. Riving og rehabilitering av bygget vil kunne fjerne reirplassar for arten. Det er sett krav om detaljregulering på feltet. Bygget er i utgangspunktet ikkje tenkt revet,	Noko forringing	Noko miljøskade (-)
NA12	Middels	Området omfattar skuletomta som er avsett til offentleg tenesteyting. Det er ikkje planlagde endringar for skulebygget, men det er opna for at feltet kan utviklast. Det er gjort 10 registreringar av fiskemåke her, men arten er vanleg å sjå i områder med menneskeleg aktivitet. Det er truleg at endring av bygningsmassar på feltet ikkje vil forstyrre arten spesifikt og det vil bli liggande store «tomme» idrettsområde mot sjøen.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
NA13	Middels	Planen legg opp til ei curisehamn og kaianlegg som vil kunne verke inn på sjø. Desse områda ligg i ytterkant av gytefeltet, og vil truleg ha liten effekt på feltet. Kaianlegget krev mindre fylling/peling, og kan difor utgjere ei forringing. Det bør søkjast å leggje anleggsperioden utanom gryteperioden. Dette og marinbiologisk utredning bør sikrast i reguleringsplan.	Noko forringing	Noko miljøskade (-)
Samla vurdering		Planframlegget kan innebere noko meir forstyrning av fugleviv, gytefelt og naturtypar som følgje av fleire ulike tiltak i strandsona. Planen opnar for utbygging som kan påverke dyrelivet ved at ein river bygg som er viktige for fugleviv, eller bygger på opne områder nytta til fødesanking og reproduksjon. Avstandskrav til elvekanten, og dermed inngrep i denne, vert også utfordra i deler av planområdet, men er halde så små som mogleg. Effektane av dette er usikre, men vurdert til noko negative. Dei andre områda er vurdert å ikkje verte vesentleg påverka.		Noko miljøskade (-)

Konklusjon

Planframlegget er vurdert å bidra til noko miljøskade på verdiane knytt til temaet naturmangfald. Hovudårsaka er knytt til potensiell påverknad av fugleviv rundt Gurinefjøro og nokre mindre tiltak langs elvekanten for å etablere trygg framkomst for mjuke trafikkantar. Planen er vurdert som å ha teke omsyn til verdiane der det er vurdert som mogleg for samtidig å oppretthalde trasear for mjuke trafikkantar og friluftsliv. Inngrepa er i område som er sterkt prega av tidlegare tiltak, flaumsikring og utbygging. Verknadene er vurdert å vere avgrensa. Ny cruisehamn og utviding av eksisterande hamneanlegg strekk seg ut mot gyteområde i sjø, men utan å gå særleg inn i dette. Tiltaka kan generere meir trafikk på sjøen, men mogleg gjer også å ta fleire skip til kai og på den måten hindre press i dei sentrale gyteområda.

Kulturarv

Temaet omfattar spor etter menneske sin verksemd gjennom historia, og omfattar kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap. Føremålet med analysen er å få kunnskap om verdifulle område og vise konsekvensane av eventuell utbygging. Kulturarv vert definert som materielle og immaterielle spor etter menneskeleg verksemd. Her er det dei materielle spora etter menneske sin verksemd som er i fokus. Temaet omfattar følgjande deltema:

- Kulturminne
- Kulturmiljø
- Kulturhistoriske landskap, inklusive bygdelandskapet

Kulturminne definerast som alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar som det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Kulturmiljø er definert som eit område kor kulturminne inngår som ein del av ei større heilskap eller samanheng. Kulturhistoriske landskap skal i denne samanhenga verte forstått som større samanhengande område med kulturmiljø, der den kulturhistoriske dimensjonen er tydeleg.

Skildring

Heile landskapet rundt planområdet er registrert som eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse av Riksantikvaren. Området er gitt nemninga «Rosendal. Møtestad og baroni i rikt jordbrukslandskap med alpine omgjevnader». Området er skildra som ein «*naturleg og historisk viktig møtestad med stor tidsdjupne og høg historieforteljande verdi. Ei rekkje kulturminne av nasjonal verdi vitnar om dette, som mellomalderkyrkja på Skåla, tuftene etter langskipnausta og mellomaldergravplassen. Baroniet Rosendal er eineståande i nasjonal samanheng, og spelar opp mot landskapsrommet utanfor anlegget i ei heilskapleg oppleving. Det freda anlegget har høg arkitektonisk verdi, og den freda landskapsparken er halden for å vere eit hovudverk i romantikken sin kunst i Norge. Landskapet i Rosendal har som heilskap sjeldan visuell styrke.*»

I tillegg til at sjølve det store landskapsrommet er registrert som av nasjonal interesse, er det fleire større verneverdige og freda område i Rosendal. Eit eksempel er Malmanger prestegard, som er en prestegard som ligg plassert i eit rikt kulturlandskap og dannar eit heilskapleg bygningsmiljø som avspeglar dei lange tradisjonane som geistleg embetsgard. Kulturmiljøet består av 9 ulike bygningar med ulik vernestatus. Dagens bygningar ligg på kvar side av ein eldre veg som fører over tunet mot Baroniet Rosendal. Alle bygg utanom våningshuset er vedtaksfreda.

Baroniet, med det tilgrensande hageanlegg og jordbrukslandskap, er freda. Kulturlandskapet ved Baroniet har høg naturhistorisk og kulturhistorisk verdi. Jordbrukslandskapet er freda for å sikre Baroniet Rosendal som eit arkitekturhistorisk og kulturhistorisk viktig og unikt anlegg i norsk historie. Fredinga skal sikre enkeltbygga, bygga sin innbyrdes samanheng, park, hagar, jordbrukslandskap, samt kulturhistoriske verdier knytt til anlegget som heilskap. Arealet vert avgrensa av landskapsparken og kjøkkenhagen i nordaust og elles av grensene mot naboegedomane. Fredinga omfattar areal inkludert Hattebergelva, konstruksjonar som porter, murar, trappar, strukturar som gardsplassar, ferdelsårer, alléar, trekkjer og lundar samt vegetasjon etc. Fredinga skal sikre området slik det framstår i dag, men og spor etter tidlegare tiders kultivering. Fredinga skal ikkje vere til hinder for aktivt jordbruk framleis i området. Heile området er godt dokumentert og vert tatt vare på gjennom aktiv drift av jord, beite og skog. Slottet har vore vedtaksfreda sidan 1923 og ligg på nordsida av Hattebergelva, om lag ein kilometer frå sjøen, og med høge fjell på fleire sider. Hovudbygget er midtpunkt i eit større herregardanlegg. På vestsida, dels på ein oppbygd terrasse, ligg Renaissancehagen, som er like gamal som hovudbygningen. Mot sør er ein romantisk landskapspark, bygd ut i fleire etappar på andre halvdel av 1800-talet.

Det er vidare ei rekkje andre freda element i Rosendal. Mellom anna Rosendal kyrkje med området rundt – steinkyrkja er frå siste del av 1200-tallet - bygningane på Malmanger prestegard, og fleire større funnområde med automatisk freda kulturminne. I tillegg er det ei rekkje eldre bygg registrert i SEFRAK-registeret og tilhøyrande ferdselslinjer mellom dei.


Vidare er det ei rekkje nyare element som er viktig for kulturhistoria i Rosendal. Mellom desse er det restane av ei lang skipsbyggjarhistorie særleg lokalisert i Skålafjæro, samt Skålagato, som ein relativ ny, men likevel historisk viktig sentrum og hovudferdselsåre gjennom bygda.

Delområda og verdifastsetting

På lik linje som for naturlandskapet er kulturlandskapet i sin heilskap definert som av nasjonal verdi, jf. Riksantikvarens kulturhistoriske vurdering. Det gjer at i konsekvensutgreiing av kulturarv tar verdikartlegginga utgangspunkt i at heile landskapet er av stor verdi, og inndeling i delområde og verdisetting av desse må verte forstått som områder med ytterlegare verdi. Område som ikkje vert definert inn som delområde må likevel lesast som område med stor verdi, men som er mindre sårbare for inngrep, dvs. at i verdikartlegginga, utvikla som grunnlag for denne konsekvensutgreiinga, er størst verdi tillagt dei delområda som er mest sårbare for endring. Minst verdi er lagt til dei områda som i nyare tid er sterkt prega av inngrep, kor kulturhistoria er mindre synleg, og kor nye inngrep dermed i mindre grad vil endre karakteren til området.

Delområda er basert på avgrensingane av freda og verneverdige kulturlandskap/-miljø i Riksantikvarens sin database Askeladden. For område utover dette, der einskild kulturminne gir eit særleg lesbart og opplevingsrikt preg til eit område, er desse samla i eit felles verdiområde i analysen. Andre kulturminne vil vere del av dei verdiane som skal takast omsyn til i planen, men utan at det er vurdert som føremålstenleg å syne einskild bygg eller funnstader i verdikartet.


Figur 5 Kartskisse som synar registrerte kulturminne, freda kulturlandskap og SEFRAK-bygningar, kjelde Askeladden.no.



Tabell 3 Oversikt over dei ulike delområda med kort skildring og verdifastsetting.

NR	Namn	Kort skildring	Verdi
KA1	Baroniområdet	Baroniet med tilgrensande hageanlegg og jordbrukslandskap er freda. Kulturlandskapet ved Baroniet har høg kulturhistorisk verdi. Jordbrukslandskapet er freda for å sikre Baroniet Rosendal, som eit arkitekturhistorisk og kulturhistorisk viktig og unikt anlegg i norsk historie.	Svært stor
KA2	Monsafjæra	Området med arkeologiske kulturminne og fleire eldre Sefrak-registrerte bygningar som vert omfatta som eit samla og heilskapleg miljø. Det er avdekt kulturminne nordaust for KA2. Planen opnar ikkje for tiltak i dette området.	Middels
KA3	Rosendal kyrkje	Steinkyrkje frå siste halvdel av 1200-talet og området rundt er eit svært viktig og godt synleg kulturminne. Identitetsgivande for staden.	Svært stor
KA4	Vollen	Felt med mange større funn av automatisk freda kulturminne. Som slakt jordbrukslandskap opnar området og opp mot kyrkja. Truleg potensiale for fleire funn.	Stor
KA5	Skålagato- Baronivegen	Eldre ferdseveggar som har vært nytta mellom gardane i bakkant og ferdsele på fjorden. Syner dei eldre strukturane i sentrum. Skålagato er av nyare dato, men den nordlege delen er med på å syne utviklinga og har verdi for å lese dei eldre strukturane på staden.	Stor
KA6	Skålafjæro	Tydeleg synlege strukturar som knytter an til Rosendal sin historie med båtbygging inkludert den nyare historia med livbåtproduksjon.	Noko
KA7	Kulturmiljø Malmanger- Klette	Større heilskapleg, kulturlandskap med fleire verna bygningar knytt til Malmanger prestegard og automatisk freda arkeologiske kulturminne i lia over Baroniområdet.	Stor

Figur 6 Kartskisse med verdifastsetting av dei ulike delområda. Det vert minna om at heile utsnittet er vurdert som av høg verdi på overordna nivå.



Påverknad og konsekvens

Planframlegget legg i stor grad til rette for bevaring av kulturarv innanfor planområdet. Planen opnar for fortetting innanfor dei etablerte strukturane. Dette kan i verste fall gjere samanhengar i kulturlandskapet mindre tydeleg, men for desse tilfella er planen ei vidareføring av allereie vedtekne planar, og den potensielle konsekvensen må difor seiast å ligge innbaka i 0-alternativet.

Delområde	Verdi	Påverknad	Påverknad	Konsekvens
KA1	Svært stor	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
KA2	Middels	Området vert i nokon grad påverka av strandpromenaden som er lagt i forkant av området, og gjennom nedre del av kulturminnet i Skipadalen. Slik planen er lagt etter innspel frå kulturminnemyndigheit er påverknaden likevel vurdert å vere relativt liten. Turvegen er trekt så langt sør som mogleg, med ei redusert bredde og med føresegnssområde om etablering utan graving i grunnen. Det er i løpet av planarbeidet avdekt kulturminne nordaust for KA2. Feltet vert regulert til kombinert næring/turisme. Kulturminne på feltet er sikra med føresegnssområde etter avklaring med kulturminnemynde om at dei skal gravast ut.	Noko forringing	Noko miljøskade (-)
KA3	Svært stor	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
KA4	Stor	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
KA5	Stor	Området vert noko forbetra med oppretting av krysset frå Baronivegen ned mot Skålafjæro, og forsterking av gateløp gjennom Skålafjæro.	Ubetydeleg forbetring	Ubetydeleg
KA6	Noko	Skipsbyggerhallene er i planen søkt bevart gjennom føresegn. Ein av dei er sikra bevart. Det er likevel opna for endra bruk av hallene.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
KA7	Stor	En mindre del av området ved Malmangerfjæro vert råka av planen. Prestenaustet er sikra og området vert halde som fri-/badeområde.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
Samla vurdering		Planframlegget har generelt liten påverknad på kulturminna og kulturmiljøa. Det arkeologiske kulturminnet i Skipadalen vert noko negativt råka, medan dei andre kulturarvområda anten ikkje vert råka, eller får ubetydeleg forbetring.		Noko miljøskade (-)

Konklusjon

Planframlegget er vurdert å bidra til noko miljøskade på verdiane knytt til temaet kulturarv. Dei viktigaste årsakene til dette er negativ påverknad av strandpromenaden på kulturminnet i Skipadalen, men dette er minimert så lang som mogleg og avviker minimalt frå praktisk bruk og tilrettelegging i dag. Dei andre tiltaka er av relativt ubetydeleg konsekvens.

Friluftsliv / bygdeliv

Fagtema friluftsliv / bygdeliv synar verdiar og verknader for brukarar av utgreiingsområdet. Temaet handlar om alle område som er viktig for allmenta si moglegheit til å drive friluftsliv som helsefremmande og trivselsskapande aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles. Friluftsliv er definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida, med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Omgrepet bygdeliv vert definert som opphald og fysisk aktivitet i bygder og tettstader. Sentralt for temaet friluftsliv / bygdeliv er folk sin bruk og oppleving av omgjevnadene. Spesiell vekt er lagt på bruk av barn og unge. Temaet omfattar deltema som:

- Friluftslivområde
- Uteareal som er allment tilgjengelege.
- Samband for mjuke trafikantar
- Nett for tursykling

Temaet omfattar ikkje motorisert ferdsel, næringsverksemd eller innandørs aktivitetar.

Skildring

Friluftsliv er basert på allemannsretten. I ei tid der mange opplever tidsklemma vert turgåing og friluftaktivitet i nærmiljøet det enklaste og mest tilgjengelege av alle friluftaktivitetane. I tillegg til den storslagne naturen rundt har Rosendal fleire registrerte friluftsområde tett på sentrum, og det ligg det godt til rette for turgåing og friluftsliv i nærmiljøet både til lands og på sjøen. Verdiane knytt til landskap og kulturarv gir friluftslivet ekstra kvalitetar både for fastbuande og tilreisande. I vurdering av dette temaet er landskap- og kulturarvkvitetar halde utanom, medan bruksfrekvensen som dei førar til vert lagt vekt på. Friområda er spreidd rundt staden og ligg for ein stor grad i kanten av det etablerte sentrum, knytt til kulturlandskapet rundt, eller til strandsona. For barn og unge, eldre og andre som ikkje har like stor aksjonsradius er dei nære friområda av særleg verdi.


I tillegg til friluftsområda har Rosendal andre sentrale møteplassar og kvalitetar. Skulane, med tilhøyrande idrettsområde, er viktige. Kulturhus og grendahus er og viktige punkt, saman med handlegata og kollektivterminalen. Dette er plasser som folk møtast, utviklar og vedlikehalda relasjonar. Utover dette nyttar barn og unge ei rekkje område til uorganisert leik både vinter og sommar.

Delområda og verdifastsetting


Delområda er avgrensa i tråd med registreringar av friluftsområde, og er vidare basert på innspel frå barn og unge, samt registreringar ved synfaring av området. Det vart utført barnetråkk-registreringar i området i 2006. Som ledd i medverknadsprosessane knytt til planprogrammet for planen, vart desse supplert med innspel frå barn og unge i form av merknader på kart, og konkretisert på bakgrunn av ein rusletur i området med elevar frå Malmanger skule. I stor grad er det overlapp mellom undersøkingane, med unntak av eit par stader der endringar har redusert verdiane, som t.d. Jensajordet som er bygga ut. Den gamle ridebanen på austsida av brua på Fv. 48, er vidare fylt opp av fyllmassar med utgangspunkt i tidlegare reguleringsprosess, og vert vurdert som å ha mista mykje av sin verdi.

Området for kaianlegg har ikkje ein verdi for temaet frå før, og er difor ikkje inkludert i delområda som er vurderte for fastsetting av verdi. Det er planlagt to kaianlegg som kan bidra auka trafikk og påverknad, men som også med rett utforming vil bidra til skjerming av badeområda ved å dempe påverknad frå båtar, bølger og kaldt vatn.


Figur 7 Kartskisse med oppsummering av medverknad med barn og unge hausten 2019.



Figur 8 Kartskisse som synar registrerte friluftslivsområde som er verdsett, kjelde Miljødirektoratet.no.



NR	Namn	Kort skildring	Verdi
FB1	Monsafjæro	Sentrumsnær badestrand. Ligg i tilknytning til gjestehamn. Vert nytta av turistar, lokalbefolkning og barnehage.	Middels
FB2	Skjethaug med tilkomst	Populært og sentrumsnært turområde. To ulike skogsvegar og fleire stiar fram til turmålet. Tilrettelagt med hytte med peis, bord og benkar på toppen. Turbok og flott utsikt. Deler av området er jordbrukslandskap og dette må takast omsyn til om ein ferdast i området.	Stor
FB3	Bjørke akebakke	Innmark nytta til akebakke på vinterstid. Det er viktig å ta omsyn til innmarka når ein ferdast i området.	Noko
FB4	Steinparken	Tilrettelagt tur- og rekreasjonsområde. Gruslagde vegar. Dette er ein geologipark med utstilling av steinartar frå Folgefonnhalvøya. Tilrettelagt med leikeapparat. Overbygde bord og benkar, hytte og lavvo. Vassføring i Melselva.	Stor
FB5	Baroniet, Hattebergsfossen, Omshagen m. Hestasletto og tilkomst	Populært og sentrumsnært turområde med gruslagte vegar, mykje nytta av lokalbefolkning og turistar. Beiteområde med store steinar som er spennande for leik. Opparbeida stemneplass med sanitæranlegg. Tursti/veg rundt Hattebergsfossen. Stor opparbeida landskapspark rundt Baroniet Rosendal. Tilrettelagt med parkering. God framkomme for vogn og rullestol.	Stor
FB6	Prestabryggjo	Viktig sentrumsnær badeplass med naust og brygge. Parkeringsplass like ved. Lokalt friområde.	Stor
FB7	Fjæro v. ungdomsskulen	Bålplass nytta av Rosendal Ungdomsskule til undervisning og av speidarlaget. Nyta snarveg mot Prestabryggjo.	Noko
FB8	Tilkomst Svartadalen	Sentrumsnært område nytta til turgåing. Området har både sti og gruslagt veg. Vert nytta mykje av skule, barnehagar og turistar. Området fungerer som inngangsport/korridor til Malmangernuten og tursti til Guddal. Turstien/vegen går gjennom eit jordbrukslandskap og dette må taksast omsyn til når ein ferdast i området.	Middels
FB9	Gurinefjæro	Anlegg knytt til restaureringa av Gurine. Målpunkt og tilgang til sjø nedanfor Rosendalstunet.	Noko
FB10	Skålagato	Sentrumsgate med tradisjonelt preg. Handlegate med møteplassar og sentrale funksjonar, knytt til parken ved Rosendals Borken.	Middels
FB11	Skule og idrettsanlegg	Leikeplassar og idrettsanlegg knytt til barne- og ungdomskule, samt kulturhus. Område mykje nytta av barn og ungdom.	Stor
FB12	Knutepunktet	Kollektivknutepunkt med opparbeidd uteareal som tener som uformell møteplass.	Noko
FB13	Grenda Huset	Aktivitetshus, utpeika som viktig av barn og unge.	Noko
FB14	Prestatreet	Leikeområde for ulik leik registrert i barnetråkk i 2006, med truleg lik status i dag, då området i liten grad er endra.	Noko
FB15	Annfinnbakken	Leikeområde, registrert i barnetråkk i 2006, truleg uforandra.	Noko



Påverknad og konsekvens

Planframlegget har hatt som målsetting å styrke kvalitetane i bygda som fell inn under temaet friluftsliv og bygdeliv. Med denne målsettinga er det å forvente at desse verdiane i utgangspunktet ikkje vert skipla av tiltak i planen. Av element som er verd å trekkje fram er strandpromenade, tre badeplassar, torg, idrettshall og betra trafikktryggleik for mjuke trafikantar. Planen opnar for nokre nye byggjeføremål i område med allmenn verdi, men av avgrensa karakter og dels kompensert for med elementa som nemnd ovanfor.

Utviding og etablering av kaianlegga vil kunne ha ein negativ effekt med trafikk og støy, men og ein positiv effekt for badeområda. Effektane her er vurdert å utjamne kvarandre.

Delområde	Verdi	Påverknad	Påverknad	Konsekvens
FB1	Middels	Planen legg opp til strandpromenade og auka tilgjenge i bakkant av området. Eksisterande kvalitetar knytt til strandlinja vert sikra. Utviding av småbåthamn er trekt vekk frå badeområde. Dette sikrar tryggleik mellom bruk for fritidsbåtar og badande. Piren vil skjerme området noko mot bylgjer.	Forbetra	Betydeleg forbetring (++)
FB2	Stor	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
FB3	Noko	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg

FB4	Stor	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
FB5	Stor	Området får noko forbetra tilgjenge for mjuke trafikantar frå sentrum.	Ubetydeleg forbetring	Ubetydeleg
FB6	Stor	Badeplassen vert sikra og det vert opna for betra fasilitetar, betra tilkomst inkludert UU, i tillegg vert området kopla betre til sentrum ved strandpromenaden.	Forbetra	Betydeleg forbetring (++)
FB7	Noko	Det er fleire positive element i delområdet. Sikring av badeplass for ungdom og auka tilgjenge ved strandpromenade, samt opning for park på området som var utpeika som viktig i funksjonell strandsonekartlegging. Rett ved badeplassen vert det regulert for cruisehamn som kan verke negativt inn på aktiviteten i området. Det er i planen sikra at ein kan anleggje stupebrett eller liknande på kaianlegget. Kaianlegget vil også skjerme badeplassen på kaldt vatn frå elva. Turveg frå Øyrane i nord til friområde langs sjø er gjennomgåande, og sikrar ferdsle mellom idrettshallen og sjøen i ei sørleg retning.	Forbetra	Noko forbetring (+)
FB8	Middels	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
FB9	Noko	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget, men tilgjenge vert forbetra som følgje av strandpromenaden.	Ubetydeleg forbetra	Ubetydeleg
FB10	Middels	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget, men noko betre tilhøve for mjuke trafikantar.	Ubetydeleg forbetra	Ubetydeleg
FB11	Stor	Området vert sterkare knytt til resten av sentrum ved strandpromenaden og bru over elva, og får betre tilkomst frå veg i sør. Området vert supplert med ny idrettshall og utvida idrettsområde. Eksisterande veg sør for idrettshallen vert lagt som gang- og sykkelveg. Denne koplast på kollektivhaldeplass, og sikrar trygg tilkomst til viktige møteplassar. Etablering av cruisehamn vil kunne medføre noko meir støy og ferdsle.	Forbetra	Noko forbetring (+)
FB12	Noko	Området vert forsterka med torg og kopla til strandpromenade i begge endar.	Forbetra	Noko forbetring (+)
FB13	Noko	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
FB14	Noko	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
FB15	Noko	Området vert ikkje nemneverdig påverka av planframlegget.	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg
Samla vurdering		Planframlegget bidreg generelt til forbetring knytt til dei fleste delområda der planen har påverknad. Hovuddelen av dette skuldast tilrettelegging for friluftsliv, rekreasjon, møteplassar, idrett og trygg tilkomst til desse aktivitetane. Få område med allmenne verdiar vert nytta til nytt byggeland eller andre privatiserande tiltak.		Betydeleg forbetring (++)

Konklusjon

Planframlegget er vurdert å bidra til forbetring på fleire område, og samla sett til betydeleg forbetring av verdiane knytt til temaet friluftsliv og bygdlev. Dei viktigaste årsakene til dette er at planen legg til nokre vesentlege element som torg og idrettshall. I tillegg vert kvalitetar knytt til strandlinja framheva og forsterka ved regulering av badeplassar, friområde og strandpromenade.


Næring- og reiseliv

Sentrum er ein viktig plass for verdiskaping. Konsekvensar for lokalt næringsliv, verksemder, industri og handel skal vurderast. Dette inkluderer mellom anna næringsareal, eksponering og transport. Inkludert i temaet er turisme og reiseliv som er ein vesentleg del av næringsgrunlaget, og kor planområdet er sentralt både som besøksområde, kollektivknutepunkt og rolla det har/kan ha for bubil-, lystbåt og cruiseturisme.

Temaet skal konsekvensutgreiast som ei ikkje-prissett vurdering. Det vil seie at delområde vert verdisett etter ein skala, og konsekvensar vert vurdert etter kor stor grad omfang av tiltak betrar eller skiplar verdien. Underpunkt: sysselsetting, næringstilrettelegging, reiselivsattraktivitet, turisttilrettelegging og infrastruktur for turisme.

Skildring

Figur 9 Kartskisse som viser bygg registrert for ulike næringsføremål.



Kartskissa over nærings- og reiselivsrelaterte bygg er hovudsakleg basert på registerdata frå kartverket. Det er mogleg at bruken av einskilde bygg avvikar frå det som er registrert, men i grove trekk gir skissa eit bilete av situasjonen. Bygg registrert for verkstad, lager, industri osv. har eit tyngdepunkt i Skålafjæro. Bygg registrert for handel, kontor, hotell, bevarting osv. følgjer i hovudsak langs hovudvegen, medan bygg for primærnæringane ligg spreidd og naturleg nok hovudsakleg i utkanten av sentrum. Dette er ei vanleg inndeling som ein vil finne i mange av dei mindre byane og tettstadene på Vestlandet. Generelt er sentrum viktig for næringsliv og turisme. Eit spørsmål som alltid meldar seg er kor godt areala er koplå til vegnettet, om det er trafikale utfordringar med lokaliseringa, eller om det er andre formar for samlokaliseringsfordeler eller -ulemper.

For Rosendal synast vegnettet å ha akseptabel kapasitet, men at det kan vere utfordringar med tryggleik og kapasitet i avkøyringar frå hovudveg, og tilrettelegging for mjuke trafikantar i område med mykje næringstrafikk.

Tabell 4 Oversikt over regulert areal totalt i influensområdet/Rosendal og innanfor planområdet, 0-alternativet.

Arealtebell	I influensområdet		I planområdet	
	Areal (daa)	Areal %	Areal (daa)	Areal %
Regulert areal samla på nokre hovudkategoriar				
Bustad	109,6	27 %	25,6	15 %
Grønstruktur/friområde	94,6	23 %	46,7	27 %
Landbruk	69,3	17 %	1,8	1 %
Offentlege bygg	47,9	12 %	21,6	12 %
Forretning/kontor/bustad	41,7	10 %	38	22 %
Hotell/camping	31,1	8 %	31	18 %
Forretning	2,9	1 %	2,6	1 %
Barnehage	5,1	1 %	0	0 %
Allmennyttig føremål	5,5	1 %	4,9	3 %
Fritidsbyggeområde	2,2	1 %	2,2	1 %
SUM	409,9	100 %	174,4	100 %

Tabellen over synar berre regulert areal og gir dermed ikkje det heile biletet. Tabellen gir likevel eit innblikk i fordeling og i sentrum si rolle. Det som er markant er sentrum sin relativt låge del av landbruks- og bustadareal, og den relativt høge delen hotell/camping og blanda føremål til forretning/kontor/bustad. Dette er ikkje noko uvanleg fordeling, men vitnar om sentrum og planområdet si rolle som nettopp eit sentrum med hovudtyngde på handel, service og tenesteyting.

Delområda og verdifastsetting


For dette temaet har verdikartet noko mindre relevans då det ofte er andre element enn dei som enkelt kan kartfestast som og er viktige. Analysen tek likevel utgangspunkt i same metodikk, men vil konkluderast i form av ei kvalitativ og heilskapleg vurdering av planframlegget.

For verdifastsetting vert private føretak og forretningar ikkje tilkjent vesentleg verdi i seg sjølve. Hovudvekt er lagt på område som anten samla gir ein effekt, eller område kor det vert fasilitet for aktivitetar som gir effektar for eit større område. For reiseliv er det til dømes lagt vekt på attraksjonar, men også på nødvendig infrastruktur for å handtere tilstrøyming av tilreisande slik som til dømes overnatting, offentlege toalett og transport.

Den generelle tilgangen på næringsareal vil verte vurdert på bakgrunn av eksisterande regulering, og målt mot ny regulering, både i form av flateareal og utnyttingsgrad.

NR	Namn	Kort skildring	Verdi
NR1	Baroniområdet	Viktig destinasjon for turisme, sentralt identitetsgivande element i marknadsføring. Noko overnatting- og seminarkapasitet på Avlsgarden. Museum, offentlig toalett og bevertning i sesongen.	Stor
NR2	Kollektivområde Følgefonnsenteret	Viktig inngangsport til Rosendal for offentlig kommunikasjon. Følgefonnsenteret er både ein attraksjon og ein verdi som andre næringar kan trekkje vekslar på.	Middels
NR3	Skålagato	Handlegate der utforminga og variasjon i det samla handelstilbodet gir eit heilskapleg preg som er med på å styrke einskildaktørane og som og gjer området attraktivt for besøkande.	Middels

NR4	Skålafjæro	Område for skipsnæring med lange tradisjonar. Djupvasskai som strekk seg inn i område NR6.	Middels
NR5	Fjordhotellet	Overnatting og bevertning for tilreisande, både turister og potensielt næringsliv og konferansar.	Middels
NR6	Bubilcamping	Turismeform med til dels stor tilstrøyming i utfartshelger frå tidleg vår til sein haust, og med tilreisande som legg igjen vesentlege beløp for lokal handelsstand.	Noko
NR7	Rosendal kyrke	Turistdestinasjon og identitetsgivande element.	Middels
NR8	Småbåthamn	Gjestehamn med verdiar som for bubilcamping.	Noko
NR9	Sentrum nord	Handel- og serviceområde, Coop Prix og kafé. Innfallsport til Rosendal frå nord.	Noko



Påverknad og konsekvens

I utgangspunktet handlar store delar av planframlegget om tiltak som styrkar nærings- og reiseliv. Positive verknader for dette temaet er såleis ein del av intensjonane med planen. Planframlegget opnar for fortetting og utvikling knytt til ein rekkje tiltak i sentrum. Planen legg opp til noko utviding av småbåthamn, utvidingsmogelegheiter for hamneverksemd, fortetting med handel, servering og næring i Skålafjæro. Betre tilrettelegging for gåande langs Skålagato, utviklingsmogelegheiter for Fjordhotellet, samt betre gangsamband opp mot Baroniområdet. Det er vidare planlagt eit nytt cruiseanlegg med tilhøyrande hamneføremål ved idrettsbana sør for Eio. Anlegget vil erstatte trong for mottak av tenderbåtar og auke effektivitet. Tilrettelegging for eit slikt anlegg kan gi positive effektar for nærings- og reiselivet gjennom auka lokal omsetning. Samstundes kan det styrkje utviklinga av opplevingsbaserte næringar og bidra til å gjere Rosendal enklare som destinasjon. Betre tilkomst for turistar vil òg kunne auke verdiskapinga innan landbasert reiseliv. Utvikling av dette anlegget vil ha positive verknader for tema.

Tabell 5 Tabellen synar areal i dei ulike hovudformåla i planområdet.

Hovudformål	Prosent av total
Bygningar og anlegg	38,01 %
Samferdsle	12,74 %
Grønstruktur	7,23 %
LNF	2,89 %
Bruk og vern av sjø og vassdrag	39,13 %

Tabellen over viser fordelinga av hovudformål i planområdet. Sett vekk ifrå sjøarealet synar fordelinga ei tydeleg sentrumsstruktur med vekt på bygningar og anlegg, deretter samferdsle.

Delområde	Verdi	Påverknad	Påverknad	Konsekvens
NR1	Stor	Ikkje direkte påverknad, men betre tilkomst for gåande frå sentrum.	Ubetydeleg forbetra	Ubetydeleg
NR2	Middels	Det vert tilrettelagt for noko betre moglegheit for kopling til kai og tilknytning mot småbåthamna.	Ubetydeleg forbetra	Ubetydeleg
NR3	Middels	Planen opnar for noko betre tilhøve for gåande langs Skålagato.	Ubetydeleg forbetra	Ubetydeleg
NR4	Middels	Det vert lagt til rette for nytt torg og opna for bevertning i området. Utvikling av sentrumsformål vil kunne gi betre næringsgrunnlag i form av handel og serveringstilbod, fleire arbeidsplassar samt tiltrekke bedrifter, og skapa eit levande sentrum som igjen bidrar til økonomisk vekst. Torg, gågater og opphaldsrom skapar attraktivitet og liv i gatenettet tilknytt handel og servering.	Forbetra	Betydeleg forbetring (++)
NR5	Middels	På dette området vert det opna for forsiktig utvikling av Fjordhotellet.	Forbetra	Noko forbetring (+)
NR6	Noko	Planen opnar for utvikling av området gjennom detaljreguleringsplan. Området er tidlegare detaljregulert til næring og bustad. Det er vidare lagt opp til utviding av tenderkaia og hamneformål som er ein vesentleg del av næringsgrunnlaget. Nytt planforslag tek omsyn til sjøretta næring og opnar for å utvide hamneområdet i sjø for å sikre god tilkomst og manøvreringsareal for større fartøy. Stor båtar har endra krav som gjer at ei utviding vil vere naudsynt for å sikre tilstrekkeleg areal ved djupvatnskaia. Dagens bubilparkering kan halde fram som i dag fram til området skal utviklast. Bubilparkeringa er regulert vekk i eksisterande regulering. Samla sett vil området kunne bidra til næringsverksemd og tiltrekke fleire turistar.	Forbetra	Noko forbetring (+)
NR7	Middels	Området ligg utanfor planområdet og vert ikkje påverka av planen i vesentleg grad.	Ubetydeleg	Ubetydeleg
NR8	Noko	Planen opnar for noko utviding av småbåthamna, inklusive veg og fortau frå sentrum mot småbåthamna. Dette gjev større moglegheit til turisme via sjø.	Forbetra	Noko forbetring (+)

NR9	Noko	Planframlegget har ikkje vesentleg verknad for dette området.	Ubetydeleg	Ubetydeleg
		Ny cruisehamn og betring for mottak av passasjerar.	Forbetra	Noko forbetring (+)
Samla vurdering		Planframlegget bidreg generelt til meir eller mindre forbetring knytt til alle delområda, i tillegg vil strandpromenade og badeplassar bidra til generell forbetring i sentrum som truleg også vil kunne tene reiselivet.		Betydeleg forbetring (++)

Konklusjon

Konsekvensane for nærings- og reiseliv er vurdert å vere positive. For ei områdeplan, som i liten grad opnar for utbygging direkte etter planen, og kor eksisterande tilhøve og eksisterande planar i stor grad vert vidareført, får ikkje dei ulike elementa like stor vekt. Dette betyr at 0-alternativet i utgangspunktet er vurdert som nøytralt, og at planen legg opp til betydeleg forbetring i høve til dette. Planen legg ikkje opp til element som er vurdert å ha negative konsekvensar for temaet.

Samla oppsummering

Under følger ein samanstilling av konsekvensane slik dei er vurdert i dei føregåande kapitla:

Tema	Konklusjon	Konsekvens
Landskap	Planframlegget er vurdert å bidra til noko miljøskade på verdiane knytt til temaet landskap. Hovudårsaka er knytt til utbygging og fortetting i dei heilt sentrale delane. Verknadene er likevel vurdert å vere avgrensa. Utan at det er vektlagt i vurderinga, så er det verd å nemne at utbygginga er styrt til dei delane av Rosendal med lågast verdi for temaet, og er såleis med på å dempe utbyggingspress mot dei andre områda.	Noko miljøskade (-)
Naturmangfald	Planframlegget er vurdert å bidra til noko miljøskade på verdiane knytt til temaet naturmangfald. Hovudårsaka er knytt til potensiell påverknad av fugleliv rundt Gurinefjøro og langs elvekanten. Verknadene er likevel vurdert å vere avgrensa.	Noko miljøskade (-)
Kulturarv	Planframlegget er vurdert å bidra til noko miljøskade på verdiane knytt til temaet kulturarv. Dei viktigaste årsakene til dette er negativ påverknad av strandpromenaden på kulturminnet i Skipadalen, dei andre tiltaka er anten av ubetydeleg konsekvens eller med ein svak forbetring.	Noko miljøskade (-)
Friluftsliv/bygdeliv	Planframlegget er vurdert å bidra til betydeleg forbetring på fleire område, og samla sett til stor forbetring av verdiane knytt til temaet friluftsliv/bygdeliv. Dei viktigaste årsakene til dette er at planen legg til nokre vesentlege element som torg, park og idrettshall. I tillegg vert kvalitetar knytt til strandlinja framheva og forsterka ved regulering av badeplassar og strandpromenade.	Betydeleg forbetring (++)
Næring- og reiseliv	Konsekvensane for nærings- og reiseliv er vurdert å vere positive. Når konsekvensane ikkje er vurdert som meir positive skuldast dette i hovudsak plannivået. For ei områdeplan, som i liten grad opnar for utbygging direkte etter planen, og kor eksisterande tilhøve eller eksisterande planar i stor grad vert vidareført, får ikkje dei ulike elementa like stor vekt. Dette betyr at 0-alternativet i utgangspunktet er positivt for temaet, og at planen legg opp til noko forbetring av dette. Planen legg ikkje opp til element som er vurdert å ha negative konsekvensar for dette temaet.	Betydeleg forbetring (++)

Konklusjon

Planframlegget har både positive og negative konsekvensar. Dei negative konsekvensane er knytt til landskap, naturmangfald og kulturarv, men er avgrensa og det er vanskeleg å sjå for seg ei utvikling i sentrum som ikkje vil gje noko negativ verknad for tema. Dei positive konsekvensane gjeld friluftsliv/bygdeliv, samt næring- og reiseliv, og er vurdert som betydeleg til stort positive. I sum er planframlegget vurdert til å vere balansert, i tråd med god samfunnsutvikling og med ei overvekt av positive konsekvensar.

Utan at dette er vektlagt, er det eit poeng at fortetting i sentrum også kan ha positive konsekvensar ved å trekke bygging vekk frå meir sårbare område i andre område, samt ved å på same måte kunne vere med på å redusere det samla transportbehovet.

Konsekvensvurdering av større tiltak innanfor planen

Konsekvens for dei ulike tema er summert over. I tillegg til dette er nokre av dei større elementa og endringane i arealdisponering vurdert sjølvstendig. Dette gjeld i hovudsak større element og tiltak som kan etablerast direkte etter områdeplanen og som omfattar fleire av analysetema. Elementa gjeld også tiltak som det er tiltenkt å detaljere tilstrekkeleg til at ein kan byggje ut etter områdeplanen. Elementa er inkludert i den samla konsekvensutgreiinga tidlegare i rapporten, og dette tillegget vert ikkje tillagt ei vekt som gir dobbel utteljing for desse elementa i utgreiinga. Poenget med denne spesifikke utgreiinga er å synleggjere dei alternativvurderingar og avvegingar som er gjort i høve til desse elementa, samt for strandpromenaden, og synleggjere effektane på dei ulike delområda.

Element som og vert vurdert separat omfattar:

- Idrettshall
- Strandpromenade

Idrettshall

Ved vurdering av lokalisering for ny idrettshall er det gjort ei rekkje innleiande alternativvurderingar. Samla er sju ulike lokaliseringar vurdert. Ein lokalisering vart skild ut som uaktuell tidleg i prosessen, seks vart vurdert meir inngående. Etter alternativvurderingane sto det igjen éin aktuell lokalitet for å plassere idrettshall, liggande tett på skulane sørvest i planområdet.

Følgjande føresetnader er lagt til grunn ved val av lokalitet:

- Kommunen skal eige grunnen, samt drifte og eige bygget
- Idrettshallen skal ligge nært inntil etablert skule- og idrettsområde
- Tilkomst og tilgjenge skal tilpassast og leggast til rette for gåande og syklande
- Parkering bør i hovudsak løysast på eksisterande parkeringsflatar nært fylkesvegen, medan buss og HC-parkering må kunne løysast ved idrettshallen

Lokaliseringar i Skålafjæro i nord vart forkasta først og fremst fordi området var ønskt for ei meir sentrumstilpassa utvikling, og dels fordi avstanden til skular og andre idrettsanlegg vart vurdert som ei terskel. Lokalisering på tvers over elva har vore fremma av idrettslaget. Plasseringa sparar areal og vil bokstaveleg bygge bru over dei to halvdelane av bygda, men er vurdert å vere uheldig med omsyn til flaumsoner, tiltak i verna vassdrag og konstruksjonstekniske element som gjer gjennomføring kostbar og meir krevjande. Begge dei to alternativa ved strandsona i Rørevegen har nokre føremon knytt til seg og er vurdert som relativt like, men dei vil oppta grøne areal i strandsona som har høg verdi for skulene, og sjølve hallen vil ligge som ein barriere mot fjorden. Området i aust er for trangt og hallen vil legge hindringar for eventuell utviding av skulen, samt at den vil ta både sol, utsikt og nytta leikeområde. Tilkomst og parkering vil og vere vanskeleg å løyse. Lokalisering mellom skulene har fleire føremon ved at den vert liggande tett på eksisterande strukturar.


Det vestre området mellom skulane er vurdert som det klart beste. Hallen vert liggande tett på skulane med god moglegheit for sambruk. Oppgradering av infrastruktur mot hallen vil tene skulene og betre trafikktryggleiken. Det ligg to fritidsbustader på tomten, men fritidsbustader er vurdert som eit lite tenleg føremål for ein så sentral sentrumstomt. Eventuell plassering av idrettshall lengre mot fjorden vil bidra til å byggje inn fritidsbustadene ytterlegare, og påfølgjande vegutbetring vil mest truleg krevje areal frå fritidseigedomane.

Beste alternativ

Det vestre området mellom skulene er vurdert som det klart beste. Hallen vert liggande tett på skulane med god moglegheit for sambruk. Skulevoluma er store og hallen vil verke mindre ruvande i landskapet mellom desse. Det ligg to fritidsbustader på tomten. Fritidsbustader er vurdert som eit lite tenleg føremål for ein så sentral sentrumstomt. Ein av fritidsbustadane er registrert som SEFRAK-

bygg, dette har noko verneverdi. Flytting kan vere aktuelt som avbøtande tiltak. Eventuell plassering av idrettshall lengre mot fjorden vil bidra til å bygge inn fritidsbustadene ytterlegare, og vegutbetring vil mest truleg krevje areal frå fritidseigedomane. Alternativet inneber ei ny veg frå fylkesvegen og ned mot fjorden. Ny veg er med på å opne opp området, og legge til rette for auka utnytting. Dagens vegtrase bør leggast som gang- og sykkelveg. Tilkomstveg til idrettshallen bør verte dimensjonert for buss og semitrailer slik at drift av idrettshallen ikkje fører med seg trong for trafikkfare.

Figur 10 Kartskisse som syner dei seks alternativa for lokalisering av idrettshall som er vurdert i detalj.



Konsekvensvurdering

Mellom Skulene, vest			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Noko	Redusert	Noko miljøskade (-)
Natur-mangfald	Ubetydeleg	Noko redusert	Ubetydeleg (0)
Kulturarv	Noko	Noko redusert	Noko miljøskade (-)
Friluftsliv/bygdeliv	Stor	Forbetring	Betydeleg forbetring (++)
Nærings-utvikling og reiseliv	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg (0)
Samla konsekvens			Ubetydeleg (0)
Merknad	Plassering nær skulen og forsterking av tilbodet knytt til idrett her gjer at alternativet kjem godt ut. Utbetring av infrastruktur som følge av lokaliseringa tel og positivt. Lokaliteten ligg tilbaketrekt frå fjorden og inne mellom allereie etablerte større volum. Dette gjere at idrettshallen vert mindre dominerande visuelt i landskapet. Eit SEFRAK-bygg må rivast, eller eventuelt flyttast. Det er ikkje kjend andre vesentlege verdier i området.		




Figur 11 Illustrasjonar av verknad ved etablering av ein normalhall på 40x50x10 meter, midt i biletet.

Strandpromenade

Strandpromenaden ligg, naturleg nok, i strandsona. Strandpromenaden er likevel eit mindre inngrep som vert lite synleg frå avstand og som er med på å opne strandsona for ålmenta. Heller enn å privatisere strandsona, bidreg strandpromenaden til å opne opp og redusere verknad av allereie privatiserande tiltak.

Strandpromenaden strekk seg langs heile bukta. Som eit prinsipp er det lagt til grunn at strandpromenaden, der kor det er mogleg, skal gå langs strandlinja. I nokre område har det likevel vore vurdert som tenleg at den er lagt noko vekk frå strandlinja. Dette gjeld der kor strandpromenaden kryssar Rosendalselva. Her må den nødvendigvis gå der kor det vert lagt bru, og det er konkludert med at dersom brua skal tene som tverrsamband mellom skulene, samfunns- og kommunehuset, og ikkje verte for dominerande eller vanskeleg konstruksjonsmessig, så må den liggje noko opp frå elvemunninga. Det same er tilfellet rundt skipsbyggerhallane i Skålafjæro. For å sikre tilflott til denne må strandpromenaden gå bakom hallen. Strandpromenaden er valt å liggje framfor naustrekkja ved Klette bryggje, på konstruksjon på pålar.

Figur 12 Kartskisse som syner føreslått trase for strandpromenade med tverrsamband og alternativ. Alternativ trase, stipla i raudt, er lagt inn i planen.



Grunna si lengde strekk strandpromenaden seg gjennom fleire ulike verdiområde. For å få fram dette er strekket vurdert i tre dellengder: sørsida av elva, Skålafjæro fram til småbåthamna, og frå småbåthamna til Gurinefjæro. I all hovudsak ligg promenaden klar av store konflikhtar, men det er eit mindre konfliktpunkt der den kryssar eit automatisk freda arkeologisk kulturminne i Skipadalen. Dette har vore handsama særskilt og det er lagt inn avbøtande tiltak sikra i planen da det ikkje har vore mogeleg å finne alternative trasear.

Strandpromenade: Sør for Rosendalselvo inkl. elva				
Tema	Verdi		Omfang	Konsekvens
Landskap	Noko		Noko redusert	Noko miljøskade (-)
Natur-mangfald	Ubetydeleg	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg (0)
Kulturarv	Stor	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg (0)
Friluftsliv/bygdeliv	Stor	Noko	Forbetring	Miljøforbetring (+)
Næringsutvikling og reiseliv	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg (0)
Samla konsekvens				Ubetydeleg (0)
Merknad	Strandpromenaden går hovudsakleg langs etablert tråkk og tilfører mindre fysiske element og utover auka ferdsel langs strandsona. Landskapsverknaden skuldast hovudsakleg bru over elva, men dette elementet er vedteke og har ein breiare funksjon enn berre å tene strandpromenaden.			

Strandpromenade: Skålafjæro til småbåthamna				
Tema	Verdi		Omfang	Konsekvens
Landskap	Noko		Forbetring	Miljøforbetring (+)
Naturmangfald	Middels		Noko redusert	Noko miljøskade (-)
Kulturarv	Ubetydeleg	Stor	Forbetring	Miljøforbetring (+)
Friluftsliv/bygdeliv	Ubetydeleg	Noko	Forbetring	Stor miljøforbetring (+++)
Næringsutvikling og reiseliv	Middels		Forbetring	Miljøforbetring (+)
Samla konsekvens				Betydeleg miljøforbetring (++)
Merknad	I dette delområdet går strandpromenaden gjennom område som alt er utbygga og gjennomgåande prega av ulike tiltak. Strandpromenaden vil her ha moglegheit til å strukturere området og gi det ein meir tenleg form og funksjon. Strandpromenaden lagt i forkant av naustrekkja. Ved å leggje den her kjem ein i konflikt med blautbotnområdet og tilflott for naustrekkja. Konstruksjon på pålar dempar dei negative verknadene.			

Strandpromenade: Småbåthamna til Gurinefjæro				
Tema	Verdi		Omfang	Konsekvens
Landskap	Noko	Stor	Ubetydeleg	Ubetydeleg (0)
Natur-mangfald	Ubetydeleg	Middels	Noko redusert	Noko miljøskade (-)
Kulturarv	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg (0)
Friluftsliv/bygdeliv	Middels	Noko	Forbetring	Betydeleg miljøforbetring (++)
Næringsutvikling og reiseliv	Ubetydeleg		Ubetydeleg	Ubetydeleg (0)
Samla konsekvens				Ubetydeleg (0)
Merknad	Gjennom denne delen av planområdet følgjer strandpromenaden hovudsakleg etablert trasé for grusveg og sti, men opnar opp deler av området som i dag vert opplevd som delvis privatisert. Auka ferdsel kan verke noko negativt på fugleliv heilt vest i området. I samråd med kulturminnemyndigheit er det løyst passasje forbi kulturminne i Skipadalen på ein måte som ivareteke desse verdiane. Turstien vert lagt i utkant av sikringssona, utan behov for graving og opparbeiding. Betre tilhøve på promenaden vil kanalisere tråkket gjennom område som er minst problematiske.			

Strandpromenade samla	
Delstrekning	Konsekvens
Sør for Rosendalselva m. elva	Ubetydeleg (0)
Skålafjæro til småbåthamna	Stor miljøforbetring (+++)
Småbåthamna til Gurinefjæro	Ubetydeleg (0)
Samla konsekvens	Betydeleg miljøforbetring (++)

Merknad	Strandpromenaden gir i liten grad negativ påverknad på landskap, kulturminne og landskap, men samla sett er strandpromenaden vurdert som eit klart miljøforbetrande tiltak.
----------------	---

Avbøtande tiltak

Avbøtande tiltak er for å redusere negativ konsekvens som følgje av miljøpåverknader ved tiltaka som planen opnar for. Det vert skild mellom avbøtande tiltak som er føresett sikra gjennom planen i bindande føresegner eller ved grep i plankartet, og andre avbøtande tiltak som vert anbefalt følgd opp ved gjennomføring av tiltak etter planen. Avbøtande tiltak som er sikra i planutforminga er teke omsyn til ved fastsetting av konsekvensgrad, og er å forstå som del av planen og ikkje avbøtande tiltak som skal gjennomførast som eit påfølgjande tiltak. I utgangspunktet er planen utforma på bakgrunn av innleiande verdikartlegging og tiltaka i planen er tilpassa dette. Gjennom fleire rundar med gjennomgang og høyring er negative konsekvensar så langt som mogleg redusert gjennom tiltak sikra i planen. Planen har søkt å ta omsyn til alle verdiar det dette har vore praktisk mogleg og i tråd med målsettingane bak planen. Det tyder at lokalisering er vald med tanke på minst mogeleg negativ konsekvens, samt at tiltak for å unngå negative konsekvensar i stor grad er innarbeid som del av sjølve planutforminga og difor ikkje er å rekne som avbøtande tiltak.